



Arkivsaknr: 2025/725-2
Sakshandsamar: Andris Hamre
Avdeling: Kommunedirektør

SAKSFRAMLEGG

Val til, og mandat for, reglementsutvalet

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Valnemnd	
	Kommunestyret	
	Formannskapet	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre vel følgjande fem kommunestyrerepresentantar til eit reglementsutval for resten av kommunestyreperioda 2023-2027:

Leiar:	Vara:
Nestleiar:	Vara:
Medlem:	Vara:
Medlem:	Vara:
Medlem:	Vara:

Utvalet skal leggja fram eit heilskapleg framlegg til «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune» til kommunestyremøtet i november.

Utvalet får vidare mandat til også å leggja fram eit heilskapleg framlegg til «Politisk styringsstruktur og reglement for valperioda 2027-2031» og «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune for valperioda 2027-2031».

Politisk handsaming

Val av utvalet skal til innstilling i valnemnda

Mandatet for utvalet skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast kommunestyret

Saksopplysningar

Kommunestyret fatta i sitt møte 20. februar 2025, sak PS 16/2025 - Endring i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune – følgjande vedtak:

«Kommunestyret vil setja ned eit reglementsutval for kommunestyreperioden på fem kommunestyrerepresentantar som skal sjå på og koma attende med eit heilskapleg framlegg til "Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking, Alver kommune, Vestland" - seinast til kommunestyremøtet i november. Valnemnda innstiller kandidatar til utvalet til kommunestyret.»

Kommunestyret i Alver vedtek følgjande endring i "Forskrift om folkevalde si rett til godtgjering og utgiftsdekking, Alver kommune, Vestland" i punkt § 6. Anna godtgjering til ordførar og varaordførar:

Ordførar og varaordførar har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljøloven § 12-1 til § 12-10, § 12-12 og § 12-15. Under permisjonen har ordføraren og varaordføraren rett til å behalde godtgjeringa etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen. Ved permisjon beheld ordførar og varaordførar uansett godtgjeringa i inntil to veker, med mindre han eller hun gjer avkall på den.

Kommunestyret i Alver vedtek endringar i «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking, Alver kommune, Vestland» i punkt § 5. Arbeidsgodtgjering til medlem i kommunestyre, formannskap og utval slik det ligg føre i kommunedirektøren sitt framlegg.

Forskrifta trer i kraft 20. februar 2025 og erstattar tidlegare tilsvarande forskrift.»

Kommunedirektøren kjem med dette tilbake til kommunestyret som ei oppfølging av vedtaket sitt punkt 1, kor kommunestyret vedtok å setta ned eit «Reglementsutval» med fem kommunestyrerepresentantar. Valnemnda blei beden om å innstille kandidatar til utvalet.

Oppnemninga av reglementsutvalet er i tråd med kommunelova § 5-7, 1. og 2. ledd:
«Kommunestyret og fylkestinget kan selv opprette utvalg for kommunale og fylkeskommunale formål og for deler av den kommunale eller fylkeskommunale virksomheten. Kommunestyret kan selv også opprette utvalg med ansvar for en geografisk del av kommunen (kommunedelsutvalg). Utvalg etter denne paragrafen skal ha minst tre medlemmer.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv hva slags saker utvalget skal behandle. Utvalget kan få tildelt vedtaksmyndighet hvis ikke noe annet følger av lov.»

Kommunedirektøren innstiller ikkje på kandidatar til utvalet då dette er eit politisk val, men gjer framlegg om at det blir vald leiar og nestleiar og tre medlemmar i reglementsutvalet. Vidare foreslår kommunedirektøren at kvar av desse får ein personleg vararepresentant.

Kommunedirektøren gjer samstundes framlegg om at utvalet får eit noko breiare oppdrag enn det vedtaket i sak PS 16/2025. I tillegg til å levere eit revidert, heilskapleg framlegg til «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune» til kommunestyremøtet i november foreslår kommunedirektøren at utvalet får i oppdrag å også leggja fram eit heilskapleg framlegg til «Politisk styringsstruktur og reglement for valperioda 2027-2031» og «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune for valperioda 2027-2031». Framlegget skal leggjast fram seinast på kommunestyret sitt møte i juni 2027.

Kommunestyret kan, om dei ønskjer det, også be utvalet utgreie og kome tilbake til kommunestyret om det er konkrete problemstillingar i reglementa som regulerer det politiske virke ein ser at det hastar å gjere endringar i. Dette er mellom anna praksis i Vestland fylkeskommune. Kommunedirektøren ser ikkje helt behovet for dette og meiner det kan vere meir hensiktsmessig at utvalet fokuserer arbeidet på å jobbe fram heilskaplege reglement for komande valperiode.

Medlemmane i utvalet blir godtgjort i tråd med Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune § 5. Slik kommunedirektøren forstår reglementet vil leiar, nestleiar, medlemmar og varamedlemmar i Reglementsutvalet få ei godtgjering per møte tilsvarande 0,16% av ordførargodtgjersla.